

**Meland Kommune**  
**Kommunalavd.teknisk (Byggesak)**  
**Havnevegen 41 a**  
**5918 FREKHAUG**

Svar på e-post motteke 24.04.18.

Eg kan ikkje sjå at kommunen har noko heimel i lov eller forskrift å krevja samordna opparbeidingsplan for heile området. Kommunen må vurdere innkommen søknad når det gjeld situasjonskartet. Dette kartet stettar alle krav til eit slik kart som kommunen skal ta stode til. Meir detaljerte kart er eit prosjekteringsansvar som ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande og ansvarleg søkjar har ansvaret for.

Eg meiner at omsøkt leikeplassordning fullt ut er tilfredstillande for det omsyn som kravet til leikeplassar skal ivareta. Dersom leikeplassareala ikkje heilt er i samsvar med gjeldande regelverk i kommuneplanen sin arealdel , ber eg om at omsøkt leikeplassordning likevel blir godkjent grunna dette er eit eldre reguleringsområdet der felles leikeplass er lagd på vel- laget å utforma og ikkje på den einkilde utbyggjar. Dispensasjon bør derfor kunne gjevast. Eg ber derfor om at søknaden vert handsama i samsvar med innsendte dokument.

Mvh.  
Oddbjørn Meland.  
Utbyggjar.